

Forskarrapport frå PEVOC 31.august til 4.september 2015

Pan European Vocal Conference er ein tverrfagleg konferanse der ein kan utveksle kunnskap om den menneskelege stemma. Konferansen starta i 1995 av dei svenske stemmeforskarane Johan Sundberg og Gunnar Rugheimer for å få eit forum for forskarar innanfor kunstnarleg, medisinsk, vitskapleg og pedagogisk forskning. Sidan har PEVOC foregått annakvart år i ulike byar i Europa og samla denne siste gongen 300 forskarar frå heile verda i Firenze.

Det var mitt første møte med denne konferansen, og eg fekk delta med ein posterpresentasjon av pilot-prosjektet mitt "Assessment of vocal popular music performance in higher music education", blant 20 andre posterpresentasjonar. Konferansen var innhaldsrik med teoretiske forelesningar og meir praktiske workshops. Det var alltid fire parallelle sesjonar, så det var umogleg å få med seg alt. Nokre få eksempel på emner var: Working with singers on expressing the meaning of text (Mary Hammond), Sing self-confident holistic approach- Psychology, vocal coaching and speech therapy (Goldewijk/Bax), Choral phonetics: How vowels control intonation (W. Saus). Det var fleire norske deltakarar, mellom anna alle logopedane frå Statped og enkelte andre songpedagogar. Mykje interessant og viktig stemmeforskning føregår rundt i Europa, og denne konferansen gav meg ny kunnskap og eit utvida kontaktnett i forhold til eigen forskning på stemmebruk.

Av Bodil K. Nørsett

Høgskolelektor

Ansgar Teologiske Høgskole